

# LESEDILLA

## Om bøkene

*Lesedilla* er eit frilesingsbibliotek der barna kan arbeide enkeltvis eller saman i par. Biblioteket har om lag 60 titlar som omfattar alt frå heilt enkle, korte tekstar, utarbeidde til den aller første leseinnlæringa, til lengre og meir kompliserte tekstar. Bøkene inneheld ulike sjangrar som skjønnlitteratur, fablar, faktatekstar, egyptisk mytologi og bibelske tekstar. Til saman skal dette leve opp til kompetanseområda definerte i LK06 etter 2. og 4. trinn:

- bruke enkle strategiar for leseforståing og reflektere over lesne tekstar
- finne skjønnlitteratur og faktabøker på biblioteket til eiga lesing
- lese barnelitteratur og fagtekstar for barn med flyt, samanheng og forståing

Dei aller fleste bøkene finst på tre ulike nivå – bronsenivå, sølvnivå og gullnivå. Bronsenivået er det enklaste, og ei side består av éi setning med tilhøyrande bilete eller animasjon. Sølvnivået er utvida med meir informasjon og litt vanskelegare ord. Gullnivået er for flinke lesarar. Tekstmengda har auka og kan innehalde lågfrekvente ord og omgrep. All tekst har lydstøtte og tilhøyrande bilete og animasjonar.

I tillegg til at bøkene er delte inn i tre nivå, har kvar bok ei stjernemarkering. Talet på stjerner (ei, to eller tre) fortel noko om vanskegraden innanfor eit nivå. Ei bok på bronsenivå med ei stjerne skal vere enklare å lese enn ei bok på bronsenivå med tre stjerner. Vidare er ei bok på bronsenivå med tre stjerner enklare enn ei bok på sølvnivå med ei stjerne, osv. Sjå for eksempel progresjonen i boka *Åleine heime*:

## Bronse \*\*\*

Krølle og Stritt er åleine heime.

Dei har fått godter av mamma og Nils.

Dei ser på TV.



## Sølv \*\*

Krølle og Stritt er åleine heime.

Dei har fått godter av mamma og Nils.

Dei ser på TV og hyggjer seg i sofaen.



## Gull \*

Krølle og Stritt er åleine heime.

Mamma og Nils er på kino.

Dei har fått godter av mamma og Nils.

Krølle og Stritt ser på TV og hyggjer seg i sofaen.



Det er koseleg å sitje saman med eit teppe over seg,  
knaske godter og sjå på TV.

Når eleven har valt ei bok frå biblioteket, kan han eller ho sjølv velje om boka skal ha lydstøtte. Vel eleven å lese utan lydstøtte, kan ein klikke på ord som eleven ikkje greier å avkode, slik at orda blir lesne opp.

## Arbeidsoppgåver

*Lesedilla* er meir enn berre lesing. Når ei bok er lesen, kan eleven arbeide vidare på fleire måtar. Til kvar tittel er det laga mange oppgåver om innhaldet og språket i teksten. Eleven kan også jobbe vidare i ei kladdebok med figurane i teksten og for eksempel byggje vidare på historia.

### Når eleven les i *Lesedilla*

Det berande prinsippet i *Lesedilla* er ei god historie som blir følgd opp av illustrasjonar, animasjonar og lyd. Bileta er med på å fortelje historia, og lydstøtta gjer det mogleg for eleven å starte med ei god leseoppleveling av teksten – med høve til å kople inn lyden dersom og når eleven kjem til vanskelege ord.

### Første fase: Ytre lesestrategiar

Den første lesefasen er prega av at eleven oppdagar skriftspråket og gradvis blir van med samanhengen mellom den skrivne og den lesne/opplesne teksten. Eleven blir klar over leseretninga, opplever at teksten er delt opp i ord, der kvart ord er bygd opp av bokstavar, og lærer å kjenne fleire ordbilete. Den første lesinga er basert på bruk av ytre lesestrategiar som primært byggjer på forståing av samanhengen mellom tekst og bilet, og eit gryande syntaktisk skjønn. Elevar som er på dette nivået, vil ha god nytte av bøkene på bronse nivå. Oppgåvene til tekstar på dette nivået er enkle innhaldskontrollerande spørsmål. Sjå eksempel frå boka *Åleine heime*.

Dei tre første oppgåvene er innhaldskontrollerande og måler kor godt eleven forstår boka, for eksempel:

1 Krølle og Stritt er åleine heime. Dei ser

på TV

ut av vindauge

i ei bok

Dei tre siste oppgåvene øver fonologisk skjønn og syntaktisk forståing:

4 Kva for eit ord rimar på mus?

hus

saft

lås

5 Kva for eit ord byrjar med *mu* som i mus?

musikk

buss

sove

6 Kva for ei setning er korrekt?

Nede i spannet sit ei lita mus.

Nede sit ei lita mus i spannet.

I spannet sit nede ei lita mus.

I denne fasen bør læraren

- sikre suksessopplevingar med å lese
- tillate og oppmuntre til bruk av lydstøtte
- appellere til lese- og skriveglede
- sikre at eleven har nok bøker å lese i på eit høveleg nivå
- oppmuntre til fonologisk skjønn

Overgangen til neste fase skjer gradvis, men er i stor grad styrt av interessa for samanhengen mellom fonem og grafem.

#### *Andre fase: Indre lesestrategiar*

I den neste lesefasen – lesing med *det grammatiske badet* – tek elevane i bruk sine ytre lesestrategiar samstundes som dei dreg inn konsonantsamband, stavingar og morfem i forståinga av dei ulike bokstavlydane. Også i oppgåvene som kjem til slutt i bøkene, øver vi dei indre lesestrategiane. Elevar som er på dette nivået, vil ha god nytte av bøkene på sølvnivå, men mange vil òg ha utbytte av å jobbe med dei indre lesestrategiane i bøker på bronsenivå.

Oppgåvene på sølvnivå er på nytt tre oppgåver med leseforståing og tre oppgåver som øver fonologi og syntaks:

1 Krølle og Stritt er åleine heime. Dei

ser på TV

les i vekeblad

et kveldsmat

4 Kor mange stavingar er det i *byttekottet?*

4

3

5

5 Kva for ei setning er korrekt?

Krølle står i døra med store auge.

Krølle står i auge med store døra.

Krølle med store auge står i døra.

6 Kva for eit ord byrjar med *sp* som i spannet?

sparke

sippe

presis

I denne fasen bør læraren

- sikre suksessopplevelingar med å lese
- tillate bruk av lydstøtte til det første møtet med teksten, for deretter å oppmuntre til å lese teksten på eiga hand
- appellere til lese- og skriveglede
- sikre at eleven har nok bøker å lese i på eit høveleg nivå
- jobbe med bruk av indre lesestrategiar
- oppmuntre til fonologisk skjønn

### *Tredje fase: Konsolidering*

I den tredje og siste fasen konsoliderer vi dei to første fasane. Elevane nærmar seg ein sikker bruk av lydering og vekslar mellom å bruke indre og ytre lesestrategiar. Det er viktig at elevane får mykje lesetid i denne fasen, og at lesinga blir automatisert så mykje som råd.

Oppgåver i denne fasen er av typen

- innhaldskontrollerande spørsmål
- ordstilling
- ordklasser og bøyingsformer
- konsonantsamband
- *ng*-lyden

I denne fasen bør læraren

- sikre suksessopplevelingar med å lese
- appellere til lese- og skriveglede
- tillate bruk av lydstøtte til det første møtet med teksten, for deretter å oppmuntre til å lese teksten på eiga hand
- sikre at eleven har nok bøker å lese i på eit høveleg nivå
- jobbe med bruk av indre lesestrategiar
- oppmuntre til fonologisk skjønn

### **Å arbeide med *Lesedilla***

Eleven vil ofte arbeide med *Lesedilla* på denne måten:

- 1 Eleven kikkar i bøkene og bruker lydstøtta til å «lese» boka første gongen.
- 2 Eleven bruker dei lesestrategiane han eller ho meistrar, til andregongslesinga.
- 3 Etter lesinga løyser eleven oppgåvene som høyrer til.

Gjennom leseplassen får eleven arbeide med

- tekstoppleving
- avkoding og lesing
- tileigning av lesestrategiar
- innhaldsforståing
- ortografi, fonologi og syntaks

## **Bokresymé og kolofon**

### *Akvarium*

Nivå: bronse \*\*, sølv \*\*, sølv \*\*\*

Sjanger: Fabel

Resymé: Det kjem ein ny fisk i akvariet. Fisken trur ho er finare enn dei andre fiskane. Korleis vil dette gå?

Tekst: Søren A. Sørensen

Illustratør/animatør: Esther Holm

### *Åleine heime*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Krølle og Stritt er åleine heime. Så høyrer dei ein lyd. Kanskje er dei ikkje åleine heime likevel ...

Tekst: Jytte Skipper

Illustratør/animatør: Peter Carlsen

### *Arkitekten*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*\*, gull\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Markus er med pappa på jobb. Pappa har ein fin ting på jobben som Markus synest er noko av det kulaste han veit om.

Tekst: Ingeborg Schmidt

Biletarbeid: Anna Støttrup

*Da mormor døydde*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Mormor til Krølle og Stritt har vore sjuk i lang tid, og no skal mormor gravleggjast.

Tekst: Jytte Skipper

Illustratør/animatør: Peter Carlsen

*Det forheksa slottet*

Nivå: sølv \*, gull \*, gull \*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Kven bur inne i det gamle slottet, og kvifor snakkar ikkje menneska der?

Tekst: Mette Tingholm

Illustratørar og animasjon: Birgitte og Anna Støttrup – Statens Museum for Kunst, Danmark

*Det ville Vesten*

Nivå: bronse \*, bronse \*\*\*, sølv \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Josef kjedar seg og tek ein tur til det ville Vesten. Her møter han ein cowboy.

Tekst: Mette Eike

Illustratør/animatør: Anders Breum

*Ulike byggjemateriale*

Nivå: sølv \*\*, sølv \*\*\*, gull\*\*

Sjanger: Faktatekst

Resymé: Kva treng vi når vi skal byggje eit hus? Her kan du lese om det.

Tekst: Bodil Pedersen

Illustratør: Bodil Pedersen – Biletarbeid: Anna Støttrup

*Her er Theo*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Theo er eit troll. Han har ein venn som heiter Raude. Dei hamnar stadig i trøbbel.

Tekst: Stine Andersen

Illustratør: Stine Andersen – Animasjon: Anne Støttrup

*Hunden*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Zita er ein liten kvalp. Det er mykje ein skal ordne og passe på når ein har fått ein ny kvalp i huset.

Tekst: Ingeborg Schmidt

Illustratør/animatør: Anna Støttrup

*Kvalen*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*\*, gull \*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Kvalen sym rundt i badekaret ...

Tekst: Tina Schmidt

Illustratør/animatør: Bodil Bang Heinemeier

*Istida*

Nivå: bronse \*, bronse \*\*, sølv \*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Josef kjedar seg og reiser attende til istida.

Tekst: Mette Eike

Illustratør/animatør: Anders Breum

### *Japan*

Nivå: bronse \*, bronse \*\*, sølv \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Josef kjedar seg og reiser attende i tida til Japan. Her møter han ein ninja.

Tekst: Mette Eike

Illustratør/animatør: Anders Breum

### *Kaffitaktaren*

Nivå: gull \*\*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Hugo skal på skulen, men kva er det han høyrer? Har kaffitaktaren vorte ein mobiltelefon?

Tekst: Vibeke Marx

Animasjon: Ja-film

### *Lær å lese*

Nivå: bronse \*\*, sølv \*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur/faktatekst

Resymé: Helene skal lære seg å lese. Ho får hjelp av Maya. Dei vil gjerne lese ei tjukk bok.

Tekst: Lise Kelså

Illustratør/animatør: Lise Kelså

### *Marsvinet*

Nivå: bronse \*\*, sølv \*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Mulle er eit marsvin. No skal Max stelle i buret hans. Da tek Mulle seg ein køyretur.

Tekst: Ingeborg Schmidt

Illustratør/animatør: Anna Støttrup

### *Mia og Max ser tinga til prinsessa*

Nivå: bronse \*, sølv \*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Mia og Max finn tinga til prinsessa i trylleskogen. Det kan vere litt skummelt.

Tekst: Johanne S. Holm

Illustratør/animatør: Johanne S. Holm

### *Mia og Max ser tinga til riddaren*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*, sølv \*\*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Mia og Max finn tinga til riddaren i trylleskogen. Det kan både vere litt skummelt og farleg ...

Tekst: Johanne S. Holm

Illustratør/animatør: Johanne S. Holm

### *Musikkmusa møter Gitar-Gunnar*

Nivå: sølv \*\*\*, gull \*\*, gull \*\*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Musikkmusa elskar å høyre Gitar-Gunnar spele gitar. Men i dag kjem det ingen fin lyd frå gitaren til Gunnar. Kva har skjedd?

Tekst: Nanna D. Bay Jørgensen

Animasjon: Ja-film

*Solauget*

Nivå: gull \*\*, gull \*\*\*

Sjanger: Egyptisk mytologi

Resymé: Hathor, dotter til solguden Ra, har gått ut i ørkenen. Thot blir send ut for å hente henne heim att.

Tekst: Lene Vilslev

Illustratør/animatør: Lene Vilslev

*Piratar*

Nivå: bronse \*, bronse \*\*\*, sølv \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Josef kjedar seg og har teke ein tur til ein sjørøverbåt. Her møter han piraten Jack.

Tekst: Mette Eike

Illustratør/animatør: Anders Breum

*Toppen til hr. Petersen*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Ein gut finn noko på fortauet. Er det ein død puddel? Så ser han hr. Petersen.

Tekst: Gertrud Tinning

Illustratørar og animasjon: Ove Christensen og Thierry Capezzone

*Torer du kysse Viktoria, Tom?*

Nivå: sølv \*\*, gull \*, gull \*\*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Tom har vedda med Jon om at han torer å kysse Viktoria, og det skal vere eit skikkeleg tungekyss! Det Jon ikkje veit, er at Tom er hemmeleg forelska i henne.

Tekst: Mads Heinesen

Illustratør/animatør: Karen Christensen

### *Vi har fødselsdag*

Nivå: bronse \*\*\*, sølv \*\*, gull \*

Sjanger: Skjønnlitteratur

Resymé: Stritt og Krølle har bursdag. Alle i klassen er inviterte.

Tekst: Jytte Skipper

Illustratør/animatør: Peter Carlsen

### **Teknisk rettleiing**

Nettstaden er optimert med desse minimumskrava:

Skjermbreidd: 1024 pikslar (minimum)

Høgtalar/høyretelefonar med splitcue-funksjon

Adobe Flash plugin 9.0

Internet Explorer 7.0 + e.l.